



Referat frå Kviteseid sokneråd

Tid: Onsdag 15. april 2026 kl. 17.00 – 20.00

Stad: Kommunehuset, kommunestyresalen

Desse møtte: Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Trond Fjågesund, Anne Oddny Foldøy, Sigrun Lønning Solvang (sokneprest), Tarjei Draugedal (ordfører og kommunerepresentant)(med til og med sak 18.), Jon Svartdal (kyrkjevevje), og 1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdsli.

Forfall: Solveig Aabø Løfgren

Kopi vert og sendt til dei andre varamedlemmene: Monica Haugestøl (2.v.), Geir Helge Susort (3.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.).

Opningsord v/ Sigrun Lønning Solvang

Servering, kaker v/Sigrun Moen

Oversikt over saker:

Sr-sak 16.26 Innkalling og sakliste

Sr-sak 17.26 Godkjenning av referat frå møtet 02.03.2026

Sr-sak 18.26 Orienteringssaker om økonomi, fasteaksjonen og anna

Sr-sak 19.26 Overgang til tau ved senking av kister.

Sr-sak 20.26 Gudstenesteliste med offerliste frå 1. juli og ut året

Sr-sak 21.26 Tid for eventuelt ekstra soknerådsmøte og årsmøte

Sr-sak 22.26 Fordeling av oppgåver ved bispevisitasen

Sr-sak 23.26 Eventuelt (Ikkje med på innkallinga, lagt til i møtet)

Innkalling 10.04.2026

Marit Sørby

Soknerådsleiar

Sr-sak 16.26 Innkalling og sakliste

Innkalling med sakliste blei sendt ut på e-post 10.04.2026.

VEDTAK:

Innkallinga og saklista er godkjent. Samrøystes.

Sr-sak 17.26 Godkjenning av referat frå møtet 02.03.2026

Referatet er tidlegare sendt ut, det har ikkje kome tilbakemeldingar om feil.

VEDTAK:

Referat frå møtet 02.03.2026 er godkjent. Samrøystes.

Sr-sak 18.26 Orienteringssaker om økonomi, fasteaksjonen og anna

Økonomiavdelinga har levert rekneskapen for 2025 med eit mindreforbruk på drift på kr. 128 935. Til investering blei det bruka kr. 279 630,-. Rekneskapen er no til behandling hjå revisor, og når revisor har gjort sitt så skal rekneskapen vedtakast av Kviteseid sokn i neste møte. Årsmeldinga er under arbeid.

Fasteaksjonen gav til saman kr. 71 924,- fordelt på kr. 30 078 i kontantar, kr. 2 346 på Vipps til Kviteseid sokn under gudstenesta 22. mars, og kr. 39 500,- på Vipps direkte til Kirkens Nødhjelp.

Visitasen som er 21., 22. og 26. april er under planlegging og kjem som eiga sak.

Sidan sist møte har det vore fellesmøte i Kviteseid kyrkje, solidaritetsgudsteneste med fasteaksjon, påskegudstenester og felles diakonigudsteneste for alle i diakonatet med etterfylgjande samling i kyrkja og årsmøte i diakonatet før gudstenesta.

VEDTAK:

Ved neste fasteaksjon bør ein dele nokre av dei lengste rodene i Kviteseid, ein bør vera 3 personar i sekretariatet, og ein bør ha nok brusflasker til bøsseberarane. Ved neste soknerådsmøte skal det vera ei sak om økonomien pr. 30. april, og økonomirapport, som mangla til dette møtet, ved kvart møte framover, minst annankvar månad som tidlegare vedteke i sak 12.26. Samrøystes.

Sr-sak 19.26 Overgang til tau ved senking av kister.

Senkeapparatet i Vrådal er utslite, og ikkje aktuelt å reparere. Vi har senkeapparat i Brunkeberg og Kviteseid som er i orden og kan fraktast rundt, men det er veldig tungvint. Kyrkjetenarane har kome med forslag om å kjøpe inn taug som er mykje lettare å frakte rundt. Senking av kiste med taug har ein gått over til fleire stader. Det er verdig og fint og meir personleg. Ved overgang til taug bør ein ha 8 stk. med krok, pris kr. 6 360,-. Eit hydraulisk senkeapparat kostar kr. 58 200,-, og eit elektrisk oppladbart senkeapparat kostar kr. 78 500,-.

VEDTAK:

Kviteseid sokn kjøper 8 stk. taug med krok for senking av kister. Byråa må få melding om å spørja den som står for gravferda om dei ynskjer taug eller senkeapparat. Samrøystes.

Sr-sak 20.26 Gudstenesteliste med offerliste frå 1. juli og ut året.

Det er innanfor soknerådet sitt ansvarsområde å vedta gudstenesteliste. Framlegg til gudstenesteliste er ikkje klart enno, men blir lagt fram i møtet.

VEDTAK:

Kviteseid sokn vedtek framlegg til gudstenesteliste med offerliste som den ligg føre. Samrøystes.

Sr-sak 21.26 Tid for eventuelt ekstra soknerådsmøte og årsmøte.

Neste soknerådsmøte var planlagt 4. juni. Det mest naturlege tidspunkt for årsmøte i Kviteseid sokn blir i så fall 7. juni, etter at rekneskapen og årsmeldinga er vedteken 4. juni. Sidan vi ikkje kan vedta årsrekneskapen før revisor har godkjent den blir det vel lenge til med omsyn på årsmøtet også. Men i fjor sommar bestilte kyrkjevevja dessverre utanlands-tur frå 6. til 21. juni, og kan såleis ikkje vera med på møte 7. juni. Alternativet er at leiar og/eller nestleiar i soknerådet gjennomfører årsmøtet i staden for kyrkjevevja, eller at årsmøtet blir halde 5. juli med kyrkjevevja. Dette blir veldig langt fram. I mai er det ingen gudstenester som er veleigna til årsmøte, men Kr. Himmelfartsdag 14. mai på Vrådal gamle kyrkjegard kan etter kyrkjevevja si meining gå an. Årsmeldinga kan lesast opp medan folk et graut, så blir ikkje årsmøtet så tørt. Ved dårleg ver blir gudstenesta i kyrkja. Aktuelle dagar for soknerådsmøte kan då vera 11. og 12. mai, slik at referat kan sendast ut for kommentarar 13. mai. Møtet som var planlagt 4. juni er det då naturleg å utsetja til 29. eller 30. juni.

VEDTAK:

Neste soknerådsmøte blir som tidlegare bestemt torsdag 4. juni, og årsmøtet blir 7. juni. Sidan kyrkjevevja er bortreist 7. juni blir årsmeldinga lagt fram av leiar og nestleiar i soknerådet. Samrøystes.

Sr-sak 22.26 Fordeling av oppgåver ved bispevisitasen

Soknerådet er vertskap ved bispevisitasen, og det er nokre oppgåver som må fordelast. Her er nokre arrangement som kan trenge ein innsats. Tysdag kl. 16.00 er det språk-kafè på Misjonshuset, og kl. 17.00 er det middag med sokneråd og stab. Onsdag kl. 16.00 er det bygdemiddag i Vrådal, og kl. 19.00 er det kulturkveld i Kviteseid kyrkje. Sundag er det kyrkjelydsfest på Misjonshuset kl. 12.40.

VEDTAK:

Soknerådsleiaren har i møtet laga liste over fordeling av oppgåver i samråd med medlemmene. Lista blir sendt ut til dei det gjeld. Samrøystes

Sr-sak 23.26 Eventuelt

Det har dukka opp saker av enkel praktisk karakter som ikkje står på saklista, men som må takast stilling til før neste møte. Ingen hadde merknader til å behandle desse sakene. Styreleiar greidde ut sakene muntleg.

VEDTAK:

Desse får ansvaret for å ordne det praktiske ved konfirmantfesten 10. mai: Astrid Breivik, Ida E. N. Sigurdslid, Knut Gjersund, Sigrun G. Moen, Marit Sørby og Jan Gunnar Breivik. Dugnad på kyrkjegardane blir desse dagane: Brunkeberg 27. april kl. 17.00, Fjågesund 28. april kl. 17.00, Kviteseid 30. april kl. 17.00, Vrådal gamle 11. mai kl. 17.00 og Kviteseid gamle 11. mai kl. 17.00. Dette annonserast i VTB 24. april.

Neste soknerådsmøte blir 4. juni.

Jon Svartdal, kyrkjevevje vikar

